



Appellen er klar frå TV Sydvest (Faksimile frå skjermen)

TV Sydvest i Uskedalen sender på sparebluss om dagen, og styret i stiftinga Kristen Mediaressurs, som er den formelle eigaren, sit på gjerdet og følgjer utviklinga spent.



– Vi kan ikkje driva på som før utan faste og større inntekter, seier styreleiar Otto Benjaminson til HusnesNett. Kristen Mediaressurs vart etablert av fire kvinnheringar i februar 2005, som ei ideell stifting, og med ein kapital

på 113.000 kroner. Føremålet var å produsera kristne program til Kvinnherad Breiband AS si satsing på lokal-TV gjennom Innsida AS.

Då styret i breibandselskapet seinare revurderte satsinga si og trekte seg frå samarbeidet med Innsida AS, tok TVSydvest opp hansken.

– Vi endra då profil og skrudde samtidig opp ambisjonsnivået vårt, seier Benjaminson. På det tidspunktet var dei den einaste aktøren på TV-sida i Kvinnherad – og ønskte å gje eit så breitt programtilbod som mogleg.

Styret såg samtidig at det ville bli nødvendig å tenkja meir kommersielt – for å få inntekter til å driva for. Men denne delen av drifta har gått tregt, vedgår styreleiaren, utan å leggja skulda på nokon. Derimot har det lokale næringslivet ikkje vist særleg interesse for kjøp av reklame i kanalen.

– Vi hadde eit håp om å få vidareføra avtalen med Kvinnherad kommune om direkteoverføring av kommunestyremøta, men etter åtte prøvesendingar brast dette håpet, og vi gjekk glipp av ei inntekt på knappe 500.000 kroner over ein tre-årsperiode, seier Benjaminson. Kommunestyret har valt ei internett-løysing i staden, men den er framleis ikkje på plass.

– Kva skjer no?

– Ja, sei det. Vi kan i alle fall ikkje berre driva på utan å tenkja på at det kostar, så førebels sit styret på gjerdet og tenkjer. Vi treng litt tid på oss for å leggja ein god strategisk plan for framtida.

Vi har ikkje økonomiske problem. Vi har ikkje lån å forsvara, men derimot faste driftsutgifter på rundt 10.000 kroner per måned. Inntektene er lik null, bortsett frå litt pengegâver frå gode støttespelarar. Men det dekkar likevel ikkje dei løpande kostnadene.

– Kor mykje reknar du med vil koma inn gjennom gjevartenesta som de inviterer til?

– Det er vanskeleg å ha noka meining om, etter som vi nettopp har gått ut med dette på kanalen vår.

– Kan det bli aktuelt å trekkja inn andre medieaktørar?

– Det er ei utvikling styret vil måtta vurdere. Ein tanke kan vera at Kristen Mediaressurs held fram med det som i utgangspunktet var intensjonen vår; å laga program med religiøst innhald. Så kan andre ta seg meir av det andre, nyhende og den slags, og den kommersielle drifta, seier Otto Benjaminson.

Styreleiaren understrekar at styret ikkje har diskutert å leggja ned drifta for godt. Men han er heilt klar på at det vil vera problematisk å redusere drifta ytterlegare, utan at det går ut over folk si interesse for å sjå på lokal-TV. Forutan Otto Benjaminson, er styret i Kristen Mediaressurs per i dag samansett av Ronny Lakselv, som òg er redaktør, Tor Ivar Hellesøy og Leif Kongestøl.

Då stiftinga vart etablert i 2005 gjekk initiativtakarane inn med til saman 113.000 kroner i kapital. Seinare er detlagt inn betydeleg meir kapital i form av gåver og lån, opplyser styreleiaren.

Kanalen er driven hundre prosent på dugnadsbasis av ei lita kjerne idealistar, medan det er investert rundt 400.000 kroner i teknisk utstyr og til studio i Uskedalen.

– Det er nok endå ein god del idealisme og vilje til dugnadsinnsats i staben vår, men det går alltid ei grense for korlangt ein kan gå både i høve til familieliv og personleg økonomi, avsluttar Otto Benjaminson.

Difor trur han TV Sydvest før eller seinare må over på meir kommersiell drift.

Sendingane frå TV Sydvest blir distribuerte gjennom det kommunalt eigde Kvinnherad Breiband AS sitt nett. Per i dag har selskapet 1400 TV-kundar, og reknar med å vera oppe i 1700 i løpet av neste år, opplyser dagleg leiar Svein Atle Nipen til HusnesNett.

Viss vi føreset at tre personar i kvar husstand ser på lokal-TV i Kvinnherad, betyr det at rundt 5000 menneske ser på sendingane frå Uskedalen. Det tilsvarer knapt 38 prosent av innbyggjartalet i kommunen.

Av Kristian Hus

HusnesNett